



Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheian
Postboks 24
4748 RYSSTAD

Dykkar ref.
2014/2596 / FMROAOD

Vår ref.
2016/14323

Dato
21.12.2016

Høyningsuttale - forvaltingsplan for Hovden landskapsvernombåde , Vidmyr naturreservat og Lislevatn naturreservat i Bykle kommune

Me viser til høyningsbrevet dykkar datert 20.09.16 med tilhøyrande høyningsutkast for Hovden landskapsvernombåde, Vidmyr naturreservat og Lislevatn naturreservat i Bykle kommune.

Fylkesmannen har fylgjande merknadar til planutkastet:

Kap. 2.6 Forvaltingsmål og bevaringsmål, s. 21

Både dei overordna forvaltingsmåla i kapittel 2.6.1 og forvaltingsmåla for ulike tema i kapittel 3 er i stor grad felles for dei tre verneområda. Dette kan vera problematisk og uryddig når det er ulike område og ulike vernekategoriar dei skal gjelde for. Fylkesmannen tilrar i utgangspunktet separate forvaltningsmål for dei ulike verneområda, og at det kjem tydeleg fram kva forvaltingsmåla gjeld.

Ein del av forvaltningsmåla har innslag av det ein heller kan kalle retningsliner. Dette gjeld til dømes andre setning i første forvaltingsmål under kapittel 3.2.2 side 26. Det er òg andre forvaltingsmål som inneholder formuleringar som etter vår vurdering ikkje høyrer inn her, m.a. delar av tredje forvaltingsmål i kapittel 3.1.2.

Kap. 3 Forvaltning av Hovden landskapsvernombåde, Vidmyr naturreservat og Lislevatn naturreservat, s. 23-40

Eit generelt inntrykk er at retningslinene i dette kapittelet er noko ustrukturerte og uklare. Fylkesmannen tilrar at dette kapittelet blir organisert noko annleis.

I same kapittelet blir det òg vist til verneforskriftene i tekstboksar under dei ulike delkapitla, utan at det kjem klart fram at det er utdrag av forskriftene. Dette bør stå tydeleg, slik at det ikkje er tvil om kva for føresegner som er attgjeve.

Kap. 3.3.3.3 Lislevatn naturreservat, s. 30

Kapittelet omhandlar retningsliner for brukarinteresser i samband med motorferdsel. I kapittel 3.3.3.3 står det at *bruk av motorbåt i samband med utøving av eksisterande fiske- og båttrettar ikkje er søknadspliktige til verneområdestyret*. Vidare står det følgjande: *Etter ein vurdering i verneområdestyret oppfattar ein at punkt V. 5. utøving av eksisterande fiske og båttrettigheter*

omfattar grunneigerane sin bruk av motorbåt i samband med fiske og utfisking av ørekyte, men ikkje ved sal av fiskekort og fiskerettigheter. Samstundes er det kommunen som må gjeve løyve til bruk av motorbåt sidan vatnet er mindre enn 2 km². Etter Fylkesmannens vurdering er ikkje dette i tråd med verneforskrifta. Slik me tolkar det, gjev ikkje unntaksregelen i verneforskrifta pkt. V nr. 5 grunneigarar rett til å bruke motorbåt i Lislevatn. Verneområdestyret bør i samråd med Miljødirektoratet koma fram til korleis ein skal tolke ordlyden utøvelse av eksisterende fiske- og båttrettigheter.

Formuleringar om bruk av motorbåt må endrast fleire stader i planen, slik som på side 20, side 28, side 30 og side 34.

Kap. 3.4.1 Noverande bruk, s. 31

Planen tar opp geocaching som ein aukande aktivitet i verneområde, m.a. i Hovden landskapsvernombord, utan at det blir gjeve nærmere retningslinjer for aktiviteten. Fylkesmannen tilrår at verneområdestyret gjennom forvalningsplanen tar stilling til i kva grad denne aktiviteten skal bli regulert, og eventuelt kva for prosedyrer som gjeld for brukarar som ønskjer å leggje ut caches i verneområda. Fylkesmannen får ein god del førespurnadar om geocaching i andre verneområde i Agder, og ser behovet for klare retningslinjer. For utfyllande informasjon, viser me til vedlagt brev frå Miljødirektoratet av 17.03.16.

Kap. 3.4.3.2 Vidmyr naturreservat, s. 33

Verneområdestyret har her tolka verneforskrifta slik at *det er mogleg å drive på med større idrettsaktivitetar utan å måtte søkje når aktivitetane skjer til fots på barmark eller på ski når bakken er frose eller dekt med snø*. Etter Fylkesmannens vurdering er ikkje dette i tråd med verneforskrifta. Vår tolking er at det bare er organisert idrettsutøving på frosse eller snødekt mark som er tillate, anten ferdelsen føregår til fots eller på ski. Organisert idrettsutøving på barmark krev dispensasjon.

I same avsnitt seier planen at *sommar-rydding etter bruk av skiløypa over Vidmyr kan gjennomførast utan søknad*. Det kjem ikkje tydeleg fram om dette er rydding av vegetasjon eller anna. Fylkesmannen tilrår ei utdjuping og klargjering av dette temaet.

Kap. 3.5.1 Motorferdselsaker, s. 36

For Hovden LVO slår forvalningsplanen fast at det førebels bare er kommunen ein må søkje om motorferdsel, og ikkje forvalningsstyresmakta. Samstundes står det på side 29 at verneområdestyret vil ta initiativ til at det blir utarbeidd ei eiga forskrift om motorferdsel så snart som råd. Fylkesmannen støttar dette, eventuelt ei forskriftsendring om det er eit betre alternativ. Hovden Tour har fått avklara vilkår av Fylkesmannen for oppkjøring av si løype, på bakgrunn av at forvalningsstyresmakta vil måtte gjeva nærmere føresegner om regulering av motorferdsel i heile eller delar av verneområdet dersom oppkjøring av løyper er til skade for naturmiljøet, jf. verneforskrifta pkt. VI nr. 2.

På side 35 tilrår forvalningsplanen at alle søknadar om motorferdsel bør sendast inn i god tid og helst tre veker før transportane er planlagde. Spesielt gjeld dette søknadar som må handsamast av arbeidsutvalet. Samstundes står det på side 8 i planen at arbeidsutvalet normalt har møte ein gong kvar månad. Etter vår vurdering tyder dette på at søknadsfristen

som blir nemnd ikkje er realistisk. Desse retningslinene bør endrast, slik at søknadane må koma inn i betre tid før transporten skal bli gjennomført.

I siste avsnitt på side 36, viser planen til at nærmere retningsliner for helikopterløyve er å finne i forvaltningsplanen for SVR, kapittel 2.4 Motorferdsel. Fylkesmannen tilrår at dette kapittelet frå forvaltningsplanen for SVR blir lagt med som vedlegg, på lik line med vedlegg 6.3 (utdrag av forvaltningsplan for SVR, kapittel 2.3 – bygningar og installasjoner).

Kap. 3.5.4 Informasjon om vedtak fatta av verneområdestyret, s. 39

I andre avsnitt står det at kopi av vedtaksbrev m.a. skal sendast til Miljødirektoratet. I brev datert 15.11.16 frå Miljødirektoratet til fylkesmenn og verneområdestyre er det sagt at dispensasjonar med heimel i verneforskrifter og naturmangfaldlova § 48 frå 1. januar 2017 ikkje lenger skal sendast i kopi til Miljødirektoratet. Direktoratet vil etter denne datoен innhente naudsynt informasjon frå Miljøvedtaksregisteret. Verneområdestyret skal fortsatt sende kopi til Fylkesmannen.

Kap. 4.2 Skjøtsel, s. 40

Utkastet til forvaltningsplan viser her til skjøtselsplanen for slåttemyrene i Vidmyr naturreservat, og at det for Lislevatn naturreservat og Hovden landskapsvernområde førebels ikkje er utarbeidd skjøtselsplan. Fylkesmannen meiner dette kapittelet med fordel kunne utdjupe meir om skjøtselen i Vidmyr naturreservat, m.a. ta stilling til den føreslalte utvidinga av slåtteareal som skjøtselsplanen legg opp til. På same måten er det naturleg at verneområdestyret gjennom forvaltningsplanen også vurderer andre skjøtselstiltak i dei tre verneområda.

Etter vår vurdering, bør det vera ein oversikt over planlagte tiltak og skjøtsel i dei tre verneområda. Miljødirektoratet har utarbeidd ein mal for forvaltningsplanar for Ramsarområde og små verneområde, og Fylkesmannen viser til denne når det gjeld innhald i den endelege forvaltningsplanen.

Med helsing

Katrine Skajaa Gunnarsli
sjefingeniør

Aslak Gotehus
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.
Sakshandsamar: Aslak Lunden Gotehus, tlf: 37 01 78 33

Kopi til:

Miljødirektoratet Sendt som e-post